Fylkesmannen i Vestland

Sted: Leikanger
Dato: 24.03.2020
Vår ref.(oppgi ved svar): 2020/5198
Dykkar ref.: Lars Selheim

Lars Selheim
Selheimsvegen 128 (JE)
5706 Voss

Sakshandsamar::
Einar Nesse Johnsen

Inspeksjonsrapport frå tilsyn hjå Lars Selheim

Kontrollnummer: 2020.108.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Lars Selheim

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Einar Nesse Johnsen
Eric Backer-Røed

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved gardslakteriet Lars Selheim på Voss den 05.03.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 2 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

- Det blir ikkje teke prøver av avløpsvatnet
- Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

Avvik er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Einar Nesse Johnsen	Sissel Storebø
kontrollør	seksjonsleiar

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Kopi til: Voss kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Lars Selheim	
Organisasjonsnr.: 981076885	**Eigd av:** 969583275
Bransjenr. (NACE-kode): 01.460 - Svinehold	

Kontrollert eining

Namn: Lars Selheim gardslakteri Voss	**Anleggsnr.:** 4621.0055.01
Kommune: Voss	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Næringsmiddelindustri, unntatt fiskeforedling	
Løyve gitt: 19. juli 2007	**Sist endra:**

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomførd for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Sediment og grunnforureining
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Gardsslakteriet Lars Selheim pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. Fylkesmannen føreset at tilhøva vert retta opp slik at verksemda vert driven i samsvar med krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og utsleppsløyve.

For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1. juni 2020** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta eller planlagt retta, og kva fristar de har sett dykk for eventuelle attverande tiltak. For å forenkle arkiveringa vår skal dokumentet sendast til fmvlpost@fylkesmannen.no og merkast med emne «tilbakemelding tilsyn ref. 2020/5198».

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 14. februar 2020. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må gardslakteriet Lars Selheim betale eit gebyr på kr 6 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova) og på www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Det blir ikkje teke prøver av avløpsvatnet.

Avvik frå:

Utsleppsløyve 19. juli 2007 for Lars Selheim punkt 5.2

Kommentarar:
Det er ikkje blitt tatt prøver av avløpsvatnet sidan 2011, og verksemda kan derfor ikkje dokumentere at dei held seg innanfor gitte konsentrasjonskrav. I utsleppsløyvet er det sett vilkår om at verksemda skal ta prøver av avløpsvatnet. Prøvene skal analyserast på organisk stoff (BOF[7]), fosfor, suspendert stoff og feitt. pH skal også målast. Vi ber om at verksemda retter seg etter vilkåret i løyve, og sender oss ei oversikt over næringsinnhald i utsleppsvatnet og årleg mengd utslepp.

Avvik 2
Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

Avvik frå:
Utsleppsløyve for Lars Selheim datert 19. juli 2007, punkt 5.3

Kommentarar:
Utsleppsløyve set som krav at verksemda skal ha internkontroll for verksemda. Internkontrollen skal tilpassast verksemda si størrelse og risikoforhold. Verksemda har for tida berre ein fast tilsett, og vil ikkje trenge eit omfattande system.

Under inspeksjonen kunne ikkje verksemda vise til ein skriftleg internkontroll. Lars Selheim har ikkje gjennomført ei risikokartlegging for kva som kan medføre forureining. Dette kan til dømes vere utslepp av prosessvatn ved slakting, utslepp av kjemikal/vaskemiddel, drift og tømming av feitt- og slamavskiljar.

7. Merknader
Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve
Lars Selheim har eit utsleppsløyve som er eldre enn ti år og treng fornying med oppdaterte vilkår. Produksjonen i dag er ikkje i samsvar med krava i utsleppsløyvet. Verksemda vil bli varsla i eige brev frå Fylkesmannen når dette arbeidet blir starta opp.

9. Dokumentunderlag
Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen